

KV/JASO

200901128-155
A:312

Til/frå hyttefolk og campingfolk, sportsfiskarar, raftarar, padlarar, turfolk, natur- og miljøvernalar:

Det er enno i nokre få veker, nå frå midten av mars dette år, 2012, muleg å påverke **bevaring eller øydelegging av Storelva i Breim** – ved aktivt engasjement for varig vern og bevaring av Storelva i Breim mot kraftutbygging – då i form av motseiling frå foreiningar eller enkeltpersonar, eventuelt begge deler.

Ei utbygging (eller rettast ei nedbygging) slik det eksempelvis nå er planlagt, vil innebere sterkt redusert vassføring og tidvis bort i mot tørrlegging av denne naturperla i Breimsbygda.

Storelva i Breim, også kalla **Breimselva**, pregar naturen i Breimsbygda, då ho renn gjennom botnen av heile dalføret mellom Bergheimsvatnet og Breimsvatnet, der ho munnar ut. Dei ca 5km nærmast Breimsvatnet er omsøkt utbygd. (Dette i tillegg til den nyleg utbygde Teitafossen lenger aust i Storelva, ved Teita bru)

Tunnelmassane, kanskje til opptil 500000 kbm, er omsøkt deponert i Breimsvatnet, men slik løyve blir neppe gitt. Einaste gjenståande plasseringsmulegheit av desse enorme steinmassane blir då – som også er eit omsøkt alternativ – direkte deponering i landskapet langs elva, og er innteikna i plankartet som deponi langs elvebreidda i det opne, småkuperte terrenget frå garden Lunde ved Høylo og vestover mot Bø-terrassen. Dessverre er tunnelmassane innteikna i ein ”målestokk” som kan gi inntrykk av noe småtteri, men eventuelt vil $\frac{1}{2}$ million kubikkmeter med stein, grus og skytesubb sjølvsgart bli svært ruvande og kraftig synleg i terrenget. Men i tillegg til å sterkt å skjemme og såre naturen visuelt, vil tunnelmassane langs elva gi avrenning til dei små vassmengdene som blir att i elvefaret. Dette er avrenning som forutan slamrestar, inneheld miljøgifter, blant anna frå ammunisjon og anna sør etter tunneldrivinga og anleggssarbeidet. Dette i tillegg til den øvrige ureininga frå eit intensivt landbruk. Kva då med fisken – og det fisken lever av i Storelva?

I denne oppfordringa til alle oss, som er nemnde i overskrifta, er inkludert vår motsegn mot utbygging av Storelva i Breim. Dette går på å samlast om denne siste innstendige protest, som skal adresserast til: NVE v/ Jan Sørensen, Postboks 5091, Majorstua 0301 Oslo. Epost: JASO@nve.no Tlf. 22 95 92 11
Frå NVE blir protestane sendt vidare til Olje og energi dept., som tek endeleg avgjerd om eventuell konsesjon, då planane mht Storelva i Breim er for omfattande til at NVE kan ta avgjerd, slik vanleg praksis er mht småkraftverk.

HER UNDERSKREVNE GÅR I MOT KRAFTUTBYGGING I STORELVA. VERN OG BEVAR STORELVA I BREIM!

MÅLFRID HØV